

KALENDER:

Tone R. Hellesøy er produktdesignar og har laga denne romantiske adventskalenderen som skal styrkja parforhold i førjulstida.



Advents- kalender for par

Tone R. Hellesøy (34) frå Rosendal har laga adventskalender for vaksne par for å hjelpa dei å ta vare på kjærleiken i ei travel førjulstid.

Tone jobbar som produktdesignar og har laga ein heilt spesiell adventskalender for vaksne. Eska i tre har 24 små rom med to hjertesjokoladar i kvart rom, éin sjokolade til kvar i parforholdet. Under sjokoladen står ei lita oppgåve som paret kan gjera saman i førjulstida.

– Eg har erfart at det er viktig å jobba med eit forhold for å få det til å blomstra, noko som ikkje alltid er like lett i ein travel kvardag, og kanskje spesielt i førjulstida. Dette er eit tema som står meg nært, og slik fekk eg ideen til denne romantiske kalenderen. Der finn du små oppgåver som par kan

gjera for å laga til jul saman med fokus på kjærleik og samhald, og dei ulike oppgåvene er henta frå boka «Kjærlighetens fem språk» som tek for seg kommunikasjon, fysisk berøring, gaver, tid til kvarandre og anerkjennande ord. I kalenderen er desember planlagt dag for dag med oppgåvene som følgjer med juleplanlegginga, fortel Tone.

Tone har også eigen nettbutikk kalla husband-and-wives, der ho sel romantiske gaver som samlivsbøker, film, kunst og også adventskalenderen. Meininga bak produkta er at dei skal styrkja og hjelpa parforhold.

Mona Grønningen
mona@kvinnheringen.no

SMÅ ROM:

Kalenderen inneheld 24 små rom med to hjertesjokoladar og oppgåver med fokus på kjærleik og samhald som par skal gjera saman.

